



Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/3807-2

Tertiアルrapport 1/2017

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2017

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert redusert med 2,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert redusert med 34,000 mill. kr.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 7,000 mill. kr.
- 4 Budsjetterte avdrag vert redusert med 38,800 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar til investering vert redusert med 2,500 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert auka med 0,750 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert auka med 2,660 mill. kr
Teneste 5200 Pedagogisk leiing vert redusert med 2,660 mill. kr
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,000 mill. kr
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 5,200 mill. kr
Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 1,450 mill. kr.
- 7 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,260 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og skal nyttast til breibandsatsing i 2018.
- 8 Sektorbudsjettet til samferdsle, teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering, vert redusert med 14,400 mill. kr.
- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 25,950 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2017

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i Vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 5 vert teken til vitande.

Vedlegg:

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T1/17
2. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan
3. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan
4. Rapportering på finansporteføljen
5. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga

SAKSFRAMSTILLING**1. ØKONOMISK STATUS**

Budsjett- og økonomiplanarbeidet i fylkeskommunen har den seinare tida vore prega av omstillingssarbeid for å møte eit lægre inntektsnivå, og det har vore gjennomført omfattande innsparingstiltak i drifta.

I sak om økonomiplan 2018-21, som går parallelt med denne saka, vurderer fylkesrådmannen ulike grep for å auke det økonomiske handlingsrommet i driftsbudsjettet og sikre ein optimal balanse mellom drifts- og investeringsnivå. Fylkesrådmannen vil vidare tilrå at nokre av dei tilrådde tiltaka vert implementert allereie frå 2017. Dette betyr at det i denne tertialrapporten mellom anna vert tilrådd ein reduksjon i budsjetterte avdrag og reduserte overføringer av driftsmidlar til investering. For nærmare grunngjeving av endringane vert det vist til økonomiplansaka.

Denne tertialrapporten viser såleis eit mindreforbruk på om lag 26 mill. kr som fylkesrådmannen tilrår å saldere med avsetjing til bufferfondet. Dei tilrådde økonomiske endringane i driftsbudsjettet som følgje av denne saka vert vist i tabell i vedlegg 1.

Hovudutvalet for samferdsle (HS) vil handsame ein eigen tertialrapport i høve driftsbudsjettet, jf. budsjettreglementet pkt. 2.5.7. Føreliggjande tertialrapport vil likevel måtte ta føre seg ei budsjettendring som HS ikkje har fullmakt til å endre i tillegg til investeringsprogrammet for fylkesvegar og skredsikring. Det er lagt opp til ein samla reduksjon på 18,6 mill. kr i investeringsbudsjetta for fylkesveg og skredsikring.

I investeringsbudsjettet for bygg er det lagt opp til ein auke på 24,2 mill. kr. Auken skuldast i hovudsak oppattløyving av ubrukte midlar frå 2016.

2. DRIFTSBUDSJETTET**2.1 Fylkesskatt og statlege overføringer****Fylkesskatt**

Skatteveksten på årsbasis er i statsbudsjettet anslege til 1,7 % i høve endeleg nivå 2016 for fylkeskommunane. I revidert nasjonalbudsjett for 2017 har regjeringa lagt til grunn ein vekst på 1,2% for fylkeskommunane samla. Bakgrunnen for nedjusteringa er lægre lønsvekst med påfølgjande reduserte skatteinntekter.

Den samla skatteinngangen for fylkeskommunane ved utgangen av april var på 5,2 % i høve same periode i fjar. Veksten for januar og februar baserer seg på skatteinntektene for inntektsåret 2016, medan skatteinntektene i mars og utover i hovudsak er knytt til inntektsåret 2017. Isolert var veksten i mars på 4,1 % og april minus 11,1 %.

Skatteinngangen pr. april er god sett i høve skattenivået fastsett i revidert nasjonalbudsjett. Men det er framleis tidleg i året og mykje kan endre seg i høve den faktiske skatteinngangen. Med bakgrunn i at regjeringa i revidert nasjonalbudsjett har justert ned skatteanslaget, rår fylkesrådmannen til at vi reduserer skatteanslaget for 2017 med 2 mill. kr.

2.2 Lokale inntekter**Utbytte SFE AS**

I FT-sak 49/16 Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, vart det gjort følgjande vedtak:

«Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.»

Vidare i saksutgreiinga står det:

«Det er nærliggande å legge opp til same ordning som for F1 Holding når det gjeld utbetaling av utbytte. Ordninga blir då slik at utbytte som vert inntektsført for holdingselskapet i år 1 vert utbetalte som utbytte til fylkeskommunen av holdingselskapet i år 2».

I tråd med fullmakta har fylkesrådmannen i april 2017 overført aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS. Dette medfører at foreslått utbytte frå SFE AS i 2017 på 37,1 mill. kr vert utbetalte til holdingselskapet i 2017. Fylkeskommunen får desse midlane først i 2018. 2017 vert difor eit «mellomår» utan utbytte frå SFE AS, før vi igjen får utbetalte utbytte frå holdingselskapet frå 2018.

Budsjettert utbytte for 2017 må difor reduserast frå 40 mill. kr til 0.

Utbytte Fjord1/F1 Holding AS

Budsjettert utbytte frå F1 Holding AS er i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 ein kombinasjon av ordinært utbytte og ekstraordinært utbytte (salsinntekter frå Fjord1). Desse inntektene er i sin heilskap avsett til fond.

Havilafjord AS har i brev datert 04. mai gjort kjøpsoppsjonen gjeldande. I FU-sak 42/17 godkjente fylkesutvalet ein tilleggsavtale mellom Havilafjord og F1 Holding AS. Vedtaket er gjort i medhald av kommunelova § 13 nr 1. For ytterlegare informasjon viser fylkesrådmannen til FU-sak 42/17.

Grunna forsert oppgjersdag i høve opphavleg betalingsplan er det avtalt at vår kostnad med bankgarantien vert redusert frå 15 til 10 mill. kr. Det betyr at inntekta frå salet av Fjord1 vert auka med 5 mill. kr.

Det er vidare lagt opp til at salssummen som F1 Holding får vert overført til fylkeskommunen det påfølgjande året. Utbytte frå F1 Holding for 2017 er ikkje kjent pr. dato. Budsjettert utbytte frå F1 Holding er førebels sett av til fond. Ev. endringar i utbetalingane frå F1 Holding vil difor ikkje få salderingsmessige konsekvensar.

Konsesjonskraft

Inntektsnivået frå konsesjonskraft er i hovudsak avhengig av to komponentar – volum og pris. Budsjettet for 2017 baserer seg på volumet for 2016 (386 Gwh) og prisbilete pr. 01.09.2016.

Etter innmelde uttak frå kommunane for 2017 viser det seg at fylkeskommunen sitt volum er om lag 10 Gwh lågare enn føresett. Ny prognose pr. 1. tertial, basert på prisane i marknaden pr. 30.04.2017 og justert volum, gjev likevel auka prognostiserte konsesjonskraftinntekter for 2017 på 6 mill. kr.

Vurdering lokale inntekter – samla

I sum vert lokale inntekter redusert med 34 mill. kr i høve budsjettet for 2017.

Nye prognosar på konsesjonskraft, omlegging av utbetalingstidspunkt for utbytte frå SFE og raskare sal av den resterande aksjeposten i Fjord1 har også konsekvensar for nivået på lokale inntekter og tilhøyrande avsetting/bruk av fond i økonomiplanperioden. Dette vert nærmere omtala i økonomiplansaka som vert fremja parallelt med denne saka.

2.3 Kapitalinntekter- og utgifter

Avdrag

Det vert vist til sak om økonomiplan 2018-21, som går parallelt med denne saka. I denne saka vert tilrådd å reversere «ekstraordinære» avdrag. Fylkesrådmannen meiner denne tilpassinga også må gjerast for 2017. I budsjettet for 2017 er det sett av 141,7 mill. kr til avdrag, der 38,8 mill. kr er i kategorien «ekstraordinære». Fylkesrådmannen tilrår å redusere budsjettete avdrag med 38,8 mill. kr i 2017.

2.4 Pensjonsutgifter

Oppdaterte prognosar frå pensjonselskapa viser reduserte utgifter til pensjon for fylkeskommunen i 2017. Reduksjonen er mellom anna knytt til forventa lønsvekst. Med bakgrunn i dette tilrår fylkesrådmannen til at pensjonsutgiftene vert redusert med 7 mill. kr i 2017.

2.5 Driftsmidlar til investering

Det vert vist til sak om økonomiplan 2018-21, som går parallelt med denne saka. I denne saka vert tilrådd å redusere dei årlege overføringane av driftsmidlar til investeringsføremål. Fylkesrådmannen meiner denne tilpassinga også må gjerast for 2017, og dette utgjer samla 16,9 mill. kr. 14,4 mill. kr er midlar som er i driftsbudsjettet til samferdsle og vil såleis bli omtala i pkt. 2.8.

Ut frå dette tilrår fylkesrådmannen at driftsmidlar til investering vert redusert med 2,5 mill. kr.

2.6 Opplæring

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter og Teneste 5200 Pedagogisk leiing

Utgifter til arbeidslivskontaktar skal etter KOSTRA først på teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter. Til no har dette vore ført på teneste 5200 Pedagogisk leiing. For å tilpasse oss KOSTRA må løvvinga flyttast mellom dei to tenestene frå 2017.

Fylkesrådmannen tilrår at teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert auka med 2,66 mill. kr, med ein tilsvarande reduksjon på teneste 5200 Pedagogisk leiing.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma

I investeringsbudsjettet er det ei årleg utstyrløying på 13 mill. kr til skulane. Det vert vist til sak om økonomiplan 2018-21, som går parallelt med denne saka. Her vert det tilrådd å flytte halvparten av løvvinga til driftsbudsjettet. Dette er ei teknisk tilpassing til rekneskapsreglane og medfører ingen endringar i kva skulane kan kjøpe. Fylkesrådmannen meiner denne tilpassinga også må gjerast for 2017 og tilrår difor å flytte halvparten av løvvinga i 2017, dvs. 5,2 mill. kr ekskl. mva, over til driftsbudsjettet. Ut frå dette vert teneste 5210 Utdanningsprogramma auka med 5,2 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

I samband med omstellingsarbeidet i fylkeskommunen er budsjettet for omstellingsmidlar auka i ein overgangsperiode. Erfaringa så langt viser at ein i stor grad har funne løysingar når det gjeld utfordringane med overtal, og prognosene for 2017 syner at behovet for omstellingsmidlar er mindre enn budsjettet. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 3 mill. kr i 2017. Det nye nivået på omstellingsmidlar i 2017 vert vidareført i 2018 og fører til ein reduksjon på 5,5 mill. kr i budsjettet for 2018.

Teneste 5611 PP-tenesta

Vurdering av rekneskapsresultatet for 2016 viser at ramma til kjøp av PP-tenester kan reduserast med 1,450 mill. kr årleg frå 2017. Dette skuldast innsparinger i samband med reforhandling av samarbeidsavtalane med kommunane, samt endra organisering av Sogn PPT. I økonomiplan 2018-21 er denne reduksjonen allereie innarbeidd i rammene. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for 2017 vert redusert med 1,450 mill. kr.

Teneste 5620 Tilpassa opplæring

I økonomiplanen er det føresett at grunnskuletilbodet til minoritetsspråkleg ungdom skal finansierast innanfor den økonomiske ramma for tilpassa opplæring. For skuleåret 2016-17 er det etablert 4 slike grupper. Ei kartlegging av behovet frå hausten 2017 syner så langt at det er behov for 11 grupper.

Hovudutvalet for opplæring vart orientert i møte 29.03 om at det er søkt om tilskotsmidlar frå IMDi til etablering av tilbod om meir grunnskuleopplæring til minoritetsspråkleg ungdom. Det blei og varsla at ein ville kome tilbake til finansieringa av tilbodet i tertialrapport 1/17.

Fylkeskommunen har fått innvilga tilskot til føremålet med 2,750 mill. kr i 2017. Slik det ser ut no vil tilbodet i 2017 kunne dekkast innafor tilgjengelige fylkeskommunale og statlege midlar. Fylkeskommunen har ikkje fått noko signal om det statlege tilskotet vil bli vidareført etter 2017.

2.7 Næring og kultur

Teneste 7019 Andre næringsområde

Fylkeskommunen tildeler Innovasjon Norge midlar som m.a. vert nytta som tilskot og lån til næringslivet i fylket. Delar av desse midlane vert avsett på eit sentralt tapsfond for å dekke ev.

tap i samband med utlåna. Når det er tilstrekkeleg med midlar på tapsfondet, vert overskytande tilbakeført. I 2017 er det tilbakeført om lag 1,3 mill. kr til fylkeskommunen.

I tråd med tidlegare praksis vert denne tilbakeføringa inntektsført på sektoren næring og kultur. Fylkesrådmannen tilrår at inntekta vert avsett til disposisjonsfond i 2017, og nytt til breibandsatsing i 2018. Dette får såleis ingen salderingsmessige konsekvensar.

2.8 Samferdsle

Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Det vert vist til sak om økonomiplan 2018-21, som går parallelt med denne saka, der det vert tilrådd å nytte budsjettet driftsmidlar til investeringsføremål i driftsbudsjettet i staden for til investeringar. Fylkesrådmannen meiner denne tilpassinga også må gjerast for 2017 og tilrår difor å redusere løyvinga med 14,4 mill. kr i 2017.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Investeringsprogrammet for bygg

Fylkesrådmannen tilrår å auke investeringsbudsjettet for bygg med omlag 24,2 mill. kr. Auken kjem i hovudsak av oppattløyving av meir-/mindreforbruk frå 2016. Endringar som ikkje gjeld oppattløyving vert omtala under. Det vert i tillegg gjort nokre endringar i finansieringsplan som følgje av tilpassingane mellom drifts- og investeringsbudsjettet.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for bygg følgjer som vedlegg 2.

IU200 Utstyr

Som ein konsekvens av forskriftsmessige justeringar, jf. pkt. 2.6 over, tilrår fylkesrådmannen å redusere prosjektet med 6,5 mill. kr.

NY226 Ekstraordinært vedlikehald SJH

Prosjektet har ei budsjetttramme på totalt 37,5 mill. kr inkl. mva. og er i sluttfasen. Uventa grunntilhøve for det nye mellombygget i tillegg til omfattande bygningsmessige endringar gjer at prosjektet har behov for ytterlegare 2 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår å auke løyvinga til prosjektet med 2,0 mill. kr.

3.2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar

Fylkesrådmannen tilrår ein samla reduksjon i investeringsbudsjettet i 2017 på 18,6 mill. kr frå 383,1 mill. kr til 364,5 mill. kr. Reduksjonen er knytt til overført mindreforbruk frå 2016 på samla 22,6 mill. kr og reduksjon som følgje av tilrådde endringar i denne tertialrapporten på 41,2 mill. kr.

Skredsikring på fylkesvegnettet

Budsjettet til skredsikring blir samla redusert med 27,4 mill. kr.

Endringar i Tertial 1/17	Beløp (mill. kr)
Overført mindreforbruk frå 2016	10,408
Samla mindreforbruk i tertialrapport 1/17	-37,796
Sum	27,388

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2017	Tertial 1/17	Revidert budsjett 2017
Statleg tilskot	128,100	-32,792	95,308
Statleg tilskot – unytta midlar frå 2016		7,204	7,204
Mva. kompenasjon	26,000	-1,800	24,200
Sum	154,100	-27,388	126,712

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei største tilrådde endringane i investeringane på skredsikring. Detaljert investeringsprogram for skredsikring følgjer som vedlegg 3.

Overførte midlar frå 2016 – skredsikring

Som tidlegare år tilrår fylkesrådmannen å overføre meir-/mindreforbruk frå 2016 til dei aktuelle prosjekta i 2017. Samla var mindreforbruket i 2016 på 10,4 mill. kr. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke prosjektløyvingane i 2017 med 10,4 mill. kr.

Samla mindreforbruk på skredsikringsprosjekt

Det blir rapportert om endringar som samla sett gir eit mindreforbruk på 37,8 mill. kr i 2017. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp med tilsvarende budsjettendring i 2018. Dei største endringane er følgjande:

- Fv. 241 Nautgrovi vert redusert med 11,9 mill. kr. Aurland kommune har ikkje akseptert planlagde løysing for prosjektet. I budsjett 2017 er det sett av 12,3 mill. kr. Kommunen ønsker ei alternativ løysing til ein høgare kostnad. Prosjektet må difor vurderast på nytt og vert ikkje sett i gang som føresett. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette prosjektet.
- Fv. 243 Raudberg i Lærdal. Fylkesrådmannen tilrår ei løyving på 5 mill. kr. Det er sett i gang prosjektering og det er mogleg å få utført sikringstiltaket (reinsk, sikring og oppsett av fanggjerde) i 2017. Dette vil redusere samla mindreforbruk på skredsikring i år.
- Fv. 633 Kleiva vert redusert med 30,2 mill. kr. Tiltaket var planlagt starta opp i juni, men er forseinka. Det vert no lagt opp til oppstart til hausten. Prosjektet viser eit mindreforbruk i 2017 på 30,2 mill. kr, men dette må løvvast opp att i 2018.
- Prosjektering mindre skredsikringstiltak vert auka med 0,2 mill. kr for å auke reserven av byggeklare mindre tiltak.

Ordinære investeringar på fylkesvegnettet

Budsjettet til ordinære investeringar blir samla auka med 8,7 mill. kr.

Endringar i Tertialet 1/17	Beløp (mill. kr)
Overført mindreforbruk frå 2016	12,159
Samla mindreforbruk i tertialetalrapport 1/17	-3,420
Sum	8,739

Tilhøyrande finansieringsplan vert tilrådd endra slik:

Finansiering	Budsjett 2017	Tertialet 1/17	Revidert budsjett 2017
Driftsmidlar til investering	14,400	-14,400	0
Førdepakken - Bompengar	14,500	-4,420	10,080
Førdepakken mva. kompensasjon	3,600	-1,000	2,600
Føresett mva. kompensasjon	35,800	5,871	41,671
Fondsmidlar	22,500		22,500
Tilskot frå Årdal kommune	0,500		0,500
Unytta lånemidlar 2016		6,288	6,288
Låneopptak	137,700	16,400	154,100
Sum	229,000	8,739	237,739

I det følgjande vert det gjort nærmare greie for dei tilrådde endringane i dei ordinære investeringane. Detaljert investeringsprogram følgjer som vedlegg 3.

Overførte midlar frå 2016 – ordinære investeringar

Som tidlegare år tilrår fylkesrådmannen å overføre meir-/mindreforbruk frå 2016 til dei aktuelle prosjekta i 2017. Samla var mindreforbruket i 2016 på 12,2 mill. kr. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke prosjektløyvingane i 2017 med 12,2 mill. kr.

Samla mindreforbruk på ordinære investeringsprosjekt

Det blir rapportert om endringar som samla sett gir eit mindreforbruk på 3,4 mill. kr på dei ordinære investeringsprosjekta i 2017. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp med tilsvarende budsjettendring i 2018. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

Store prosjekt:

- Fv. 60 Ugle-Skarstein vert auka med 12 mill. kr. Det vert meldt om eit meirforbruk på 12 mill. kr i 2017 grunna raskare framdrift. Totalprognosene for prosjektet er ikkje endra, slik at løvingsbehovet i 2018 vil bli tilsvarande redusert.

Mindre utbetringer:

- Fv. 053 Brøytestasjon Holsbru vert redusert med 4,7 mill. kr. Prosjektet vart ikkje klart til bygging i år som føresett. Det vil bli utført prosjektering i 2017 og bygging i 2018.
- Fv. 121 Vange bru – Seljestokken vert redusert med 5,3 mill. kr. Statens vegvesen har etter utsjekk med kommunen konkludert med at det ikkje lenger er grunnlag for å gå vidare med prosjektet. Løyvinga på 5,3 mill. kr vert såleis trekt tilbake.

Førdepakken:

- Prognose på samla behov på dei fylkeskommunale prosjekta syner eit mindreforbruk på 5,4 mill. kr. Løyvinga til Førdepakken i 2017 vert difor tilrådd redusert med 5,4 mill. kr. Finansieringa med bompengar og mva. kompensasjon vert tilsvarande redusert.

Saldering av avslutta prosjekt

I samband med tertialrapporten er det saldert ei rekke prosjekt som anten er avslutta eller der det står at grunnerverv mv. Der det står at grunnerverv mv. er restløyvinga blitt overført til løyvinga «grunnerverv mv. for avslutta prosjekt».

I salderinga er det blitt nytta 0,7 mill. kr av løyvinga «til fordeling vegsektoren» og 0,8 mill. kr av løyvinga «til saldering av avslutta prosjekt». Vidare er løyvinga «grunnerverv mv for avslutta prosjekt» blitt tilført 1,4 mill. kr. Summen av alle desse endringane er null. Det vert vist til vedlegg 3 for ei nærmare oversikt over kva for prosjekt dette gjeld samt beløp.

Planlegging og prosjektering

Fylkesrådmannen vil også nemne at løyvinga til planlegging og prosjektering kan vere noko låg, mellom anna grunna utgreiing av Kystvegen og planlegging av Blaksettunnelen.

Fylkesrådmannen vil vurdere det samla behovet for planmidlar i tertialrapport 2/17 og kome attende med ei ev. auka løyving då.

4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT

Rapportering på finansporteføljen per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/17. Rapporten følgjer som vedlegg 4.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/17. Rapporten følgjer som vedlegg 5.